

Lindås kommune v/planutvalet.

Postmottak

5914 Isdalstø

Alversund august 2019.

Merknad til framlegg til kommunedelplan for Knarvik, Alversund med Alverstraumen.

Framlegget til kommunedelplan viser at Gamle Tveiten skule m/tomt har fått endra formål frå offentleg til byggjeformål, noko som inneber at skuletomta kan seljast til private for utbygging og at eit av bygda sine få kulturbygg truleg vert borte. Dette vil vera eit tap av ein gamal og mogleg ny møteplass i Alversundbygda og vi ber derfor om at formålet vert uendra som no – offentleg - og at det vert lagt til rette for å ta vare på skulebygningen/deler av denne.

Bakgrunn for forslaget..

- Tveiten gamle skule vart bygt i 1892 (den eldste og beste delen) og er difor verneverdig. Saman med Gamlestova, kyrkja, prestegarden og den gamle garden i «Myre» på Alver er den eitt dei viktige kulturminalna i Alversundbygda og for nye Alver kommune. Skulen vart lagt ned i 1956, men bygget har gjort teneste både som skule og barnehage for bygda i over 50 år etter det. Svært så mange har derfor tilknyting til staden og det vil vera svært uheldig å missa denne staden for framtida.
- Tveiten og nærområdet har i dei seinare åra fått mange nye bustader og innbyggjarar. Gammeskuletomta er einaste offentlege fellesareal lokalt for området og vil kunna vera ein grei leikeplass for ungar i nærområdet. Siste bruksformålet her var barnehage og mange brukte plassen på fritid så lenge her var leikeapparat. Den gamle skulen bør kunna takast vare på og nyttast til ulike formål. Framtidig bruk og evt driftsansvar er ikkje diskutert i bygda enno, men dersom omreguleringa vert hindra, vil dette vera eit aktuelt tema å ta opp.

Underteikna ber om at omregulering til utbyggingsformål vert utsett slik at spørsmålet om bruk av areal og den gamle skulen kan verta drøfta i bygda før endeleg avgjerd. Dette bør ikkje ta lang tid då skulen treng takast vare på med det første.

Håpar planutvalet/kommunestyret kan sjå verdien for bygda/kommunen i dette og legg til rette for bevaring og god utnytting av gammeskulen og let formålet vera offentleg som no.

Alversund 27. august 2019

Kåre Jordal